

tonehimmel

18.-25. juni 2023

PROGRAM

På *tonehimmel*
er alle deltakarar
komponistar, musikarar, lyttarar,
fuglar, vinden, fjella
og alt som er mellom oss
er ein del av konsertane våre
vi skaper dei saman



tonehimmel er som eit ope rom, eit hol i tida, ein musikalsk leikeplass, der det viktige er å vere ærleg, open og lyttande. Vi trur framtida vert litt betre om vi alle stoppar opp innimellom, tek oss tid til å høyre og sjå både kvarandre og naturen, kanskje ikkje forstå bestandig, men akseptere at det finst mange ulike stemmer i verda og at vi slett ikkje er åleine i livet, vi deler det.

*Vi håpar tonehimmel gir deg ny musikk, nye opplevingar, lèt deg bli kjend med nye menneske og skaper minne du kan ta med deg vidare.
Velkomen!*

*Venleg helsing
Magnar Åm og Kaja S. Robak
kunstnarisk leiar og dagleg leiar i tonehimmel*

Billetter til alle arrangement kan kjøpast på tikkio eller på konsertdagen
Meir informasjon og billetter finn du på nettsida vår

www.tonehimmel.com

***SUNDAG 18. juni ***

Opningskonsert

Kl 19.00 Hjørundfjord kyrkje, Sæbø

Billettar 350,-

Alle under 18 år gratis

Komponistar: Rolf Gupta og Magnar Åm

Musikarar: Geir Draugsvoll (akkordeon), Samuel Skrede (cello), Ai-Ling Chiu (fiolin), Magnar Åm (direksjon og piano), Volda Vokal (kor)

Program:

- *Jordens vuggesang* av Rolf Gupta
Magnar Åm (piano) Ai-Ling Chiu (fiolin), Samuel Skrede (cello)
- Rekviemet *Soli Deo Gloria (himmel likevel her?)* av Magnar Åm
Geir Draugsvoll (akkordeon), Samuel Skrede (cello), Volda Vokal og andre songarar.

Om konserten:

Velkomen til tonehimmel 2023! Vi opnar festivalen med ein konsert som tek oss rett inn i livets alvor og store spørsmål. Sjølv om konserten består av berre to verk og begge handlar om dei store spørsmåla i livet trekker dei likevel i kvar si retning og dannar eit spenn frå vogge til grav og frå før skapinga til livets slutt.

Rolf og Magnar kjenner kvarandre frå før, men kva veit vi om dei? På konserten vil vi snakke med dei begge og dei vil snakke saman. Kven er dei? Kvifor skaper og skriv dei? Kva driv dei og kva tenkjer dei om sin eigen musikk? Og ikkje minst kva tenkjer dei om verka vi skal få høyre i kveld?

Rolf er ein av årets to fokuskomponistar. Han har ein lang karriere både som komponist og som dirigent. På denne konserten får du høyre verket *Jordens vuggesang*, eit verk som er basert på materiale frå sopranarien i oratoriet *Jordens sang* som Gupta skreiv i 2019, og som han har fått både lovord og prisar for. Teksten i arien henta han frå ein 3000 år gamal vedisk hymne der forfattaren undrar seg over skapinga. Kva eksisterte før skapinga? Det kan ikkje ha vore døden eller udødelegdomen. Kven skapte skapinga - det kan jo ikkje ha vore gudane? Mennesket kom jo først. Det høgste vesenet i himmelen har kanskje svaret. Eller kanskje han heller ikkje veit.

Rolf seier sjølv om verket *Jordens vuggesang*: *Jeg forestiller meg en mor som synger sitt nyfødte barn i søvn. Hun fortsetter å synge etter at barnet har sovnet mens hun undrer seg over de spørsmålene vi kanskje aldri får svar på.*

Hovudverket i opningskonserten er rekviemet *Soli Deo Gloria (himmel likevel her?)* av Magnar Åm, kunstnarisk leiar i tonehimmel. Rekviemet er skriva til minne om dei 116 som omkom i kyrkjebrannen i Grue. 1. pinsedag 1822 og vart urframført i 2022 under 200-årsmarkeringa for den katastrofale ulukka. Rekviemet er opphavleg skriva for orgel, men er no omskriva til besetninga akkordeon, cello og kor.

Rekviem tyder “kvile” og er i tradisjonen ei bøn om at dei som nett har gått bort må få erfare den roa som transenderer tida, “evig kvile”. Den kvila som rekviemet snakkar om, er altså ikkje ein evig søvn, men ei vaken ro som er uavhengig av tid og all den strid som er knytt til livet i tid. I tradisjonen finst ei slik ro berre etter den fysiske døden.

Magnar seier: *Men eg spør i tittelen "himmel likevel her?" og i tekstane som koret syng, om ikkje ei slik ro også kan erfarast medan ein enno er i tid(?). Kan me tenkje - og oppleve - at den himmelske roa - som ikkje let seg rokke av noko i tida - kan vere vår heimetilstand både før det fysiske livet, midt i det fysiske livet og etter at ein har lagt det fysiske livet bak seg, sidan det altså er snakk om ei ro løyst frå tid? Me skriv gjerne på gravsteinane "Kvil i fred". Men viss det kan stemme at det er råd å kjenne denne evige freden, eller i det minste ane den, medan me lever her, er eg freista til å seie til meg sjølv både tidt og ofte "Kvil i fred her du går!"*

Etter konserten ca. kl 20 sit Magnar og Rolf ved bålplassen i Kapteinskvia på Sæbø (gåavstand frå kyrkja) og vil gjerne snakke med publikum om musikken, tankane og opplevinga deira. Det er heilt uforpliktande å kome. Ein må ikkje seie noko, det er heilt lov å berre lytte.

***MÅNDAG 19. juni ***

Meisterklasse i fritonal improvisasjon med Magnar Åm

Kl 17.00-20.00 Volda kyrkje

Ope for alle interesserte

Gratis

Magnar Åm underviser her deltakarane i å improvisere fritonalt med intuisjonen som rettesnor. Målet er at alle medverkande skal finne balansen mellom full uttrykksfridom og fullt medansvar for den resulterande musikken. Studentane blir seinare utfordra til å delta i improvisasjonskonserten i Volda kyrkje 20.6. kl 18.00 (sjå denne).

TYSDAG 20. juni

Meisterklasse i stadspesifikk komponering med

Kristin Bolstad

Kl 10.00–14.00 Kaarstad-huset HVO og naturen i nærleiken

Open for alle interesserte

Gratis

I denne meisterklassen vil komponist Kristin Bolstad undervise i korleis ein kan bruke ein stad eller eit rom som utgangspunkt for komponering av eit musikalsk verk, samt korleis ein kan integrere utanommusikalske parameter som del av det musikalske verket.

I denne meisterklassen får ein innblikk i Kristin Bolstad sitt eige arbeid med stadspesifikke komposisjonar og tankegodset hennar rundt dette - der intensjonen ofte er at komposisjonen skal

«vere» rommet/staden, kunne fortelje det og uttrykkje det; framheve det. Men også det motsette, at rommet/staden skal «vere» komposisjonen, kunne fortelje den og uttrykkje den; framheve den.

Vi ser på korleis ein kan tenkje rundt det å leggje til rette for eit møte mellom dei lydlege, sanselege, emosjonelle og visuelle parametra i opplevinga av eit stadspesifikt verk.

Deltakarane sine komposisjonar vil verte framførte på vandringskonserten til Grinda laurdag 24. juni.

Meisterklassen er open for alle og gratis.

“full aksept” - ein meditativ improvisasjonskonsert

Kl 18.00 Volda kyrkje

Gratis

Musikarar: Magnar Åm, Bert Handrick, inviterte studentar og alle som vil.

Om konserten:

Denne konserten er meint som eit frirom for alle som kjem, der alt er lov. Om ein spelar eit instrument, syng eller berre lyttar og tek inn, er ein fullt ut akseptert og velkomen til å delta i samanhengen. Komponist og kunstnarisk leiar i tonehimmel Magnar Åm og kantor og komponist Bert Handrick vil spele, men dei vil gjerne ha selskap og håpar fleire vil vere med og improvisere. Her finst det ingen rette svar, ingen forventningar og ingen kritikk. Her er alt lov. Målet er å skape ein augneblink, ein time med tonar, som berre er her og no for dei som er til stades.

PS: Ta gjerne med yogamatte eller liknande om du ynskjer å ligge under lyttinga.

Samtale med fokuskomponistane Bolstad og Gupta på Tredet

Kl 21.00 Tredet kafé og bar i Volda

Gratis

Samtale er ein del av konsertane på tonehimmel, men det er likevel avgrensa kva ein rekk å seie på ein konsert. Vi ynskjer å la folk verte betre kjende med kven dei er desse to, Rolf Gupta og Kristin Bolstad. Kva fekk dei til å byrje å skrive, korleis kom dei dit og korleis er det å skape musikk i dag? Kvar finn dei inspirasjon, kva engasjerer dei og korleis vil dei beskrive sin eigen musikk? Samtalen vert leia av Magnar Åm og Kaja Skatvedt Robak, men det er berre fint om andre også har spørsmål. Samtalen varer ca. 45 minutt, men det er ope for å snakke direkte med komponistane etterpå for den som vil.

Tredet kafé og bar sel drikkevarer og mat under arrangementet og hit er alle velkomne, for dette handlar om å verte kjend med menneska, og kva du veit om samtidsmusikk er ikkje viktig.

Onsdag 21. juni

Ekkodal-konserten

Kl 18.00 startar vandrainga/turen frå Barstadsætra i Ørsta

Turen tek 1,5-2 timar og det er god rås

Billettar 350,-

Alle under 18 år gratis

Program:

- *Skuggar* av Bert Handrick
- Urframføring av verket *Fjellfoten* av Sander Andersen
- *a cuckoo cries* av Cecilie Ore
- Urframføring av tingsverket av Rolf Gupta

Komponistar: Rolf Gupta, Bert Handrick, Sander Andersen, Cecilie Ore

Musikarar: NyNorsk Messingkvintett

Om konserten:

Her vandrar lyttarane og komponistane saman til konserten i dalen og sjølve turen er ein del av opplevinga. Undervegs kan ein snakke med den ein vil, men det blir også ein samtale med komponistane undervegs der vi får verte litt kjende med dei. Ein vakker fjelltur på 1,5–2 timar på god rås i eit vakkert sunnmørsk fjellandskap, med spisse tindar, små vatn og fine menneske.

Målet er Lisjedalen, på folkemunne kalla “Ekkodalen”. Her ligg eit vatn omkransa av bratte fjellveggar og med utsikt mot den kjende Molladalen om du snur deg. Etterklangen i desse fjellveggane har høyrte tonar før. For det er ikkje fyrste gongen det vert arrangert konsert her. Det heile starta ein gong tidleg på 90-tallet med Dei nynorske festspela, der den kunstnariske leiaren vår Magnar Åm sat i musikknemnda.

Magnar fortel: *Vi hadde fått det for oss at det måtte vere artig å ha konsert oppe i fjella ein stad der ekkoet i fjellet kunne brukast i musikken. Det vart mange bratte fjellturar den sommaran. Så ein dag fekk me tips frå ein i Barstadvik om denne dalen. Å kome dit var heilt fantastisk. Fjella svarte så du trudde dei levde, som om dei låg der og berre venta på å bli ropte til.*

No er det lenge sidan sist det har vore konsert mellom fjellveggane, og vi er glade for å kunne ta opp att tradisjonen og ta musikken med hit der fjell, vatn og ekko skaper ei heilt eiga verd, der musikken og naturen spelar saman.

Programmet er sett saman av to urframføringar og to “ekko” frå fjorårets festival.

Skuggar av Bert Handrick, kantor og komponist frå Volda vart urframført i Kalkbrotet på Voksa under tonehimmel 2022. No får vi høyre dei japanskinspirerte tonane igjen.

Det andre “ekkoet” frå fjoråret er verket *a cuckoo cries* av Cecilie Ore. Cecilie var fokuskomponist under tonehimmel 2022 og skreiv dette verket til festivalen. Det vart også urframført i Kalkbrotet på Voksa. Cecilie har sjølv ønskt at verket kunne verte spelt på ein stad med endå meir etterklang, og vi er veldig glade for no å kunne ta det med hit opp.

I år har vi også med oss ein ung, lokal komponist, Sander Andersen frå Volda. Han studerer musikkvitskap på NTNU, men har lenge skrive musikk og var ikkje vond å be om å lage noko til tonehimmel. Verket heiter *Fjellfoten*.

Det siste verket på konserten er urframføringa av tingsingsverket til Rolf Gupta, som er ein av årets to fokuskomponistar. Verket er for messingkvintett, og meir veit vi enno ikkje om verket.

***Torsdag 22. juni ***

Konsert i Lauvstad barnehage og Engeset barnehage

Bli med på ei musikalsk reise i froskeperspektiv!

Vi besøker to barnehagar med framsyninga *Eg er ein frosk* av Kristin Bolstad

Den same konserten skal spelast som gratis familiekonsert på Haualeitet i Volda 23. juni.

Musikarar: NyNorsk Messingkvintett og Sean Bell (kontratenor)

Musikk: Kristin Bolstad

Tekstar: Kurt Johannessen

Regi: Tormod Fuglestad

Figurteater: Ingunn Myrland

Konsert i Sementfabrikken på Voldnes

Kl 19.00 Sementfabrikken på Voldnes på Leikong i Herøy

Billettar 350,-

Alle under 18 år gratis

Komponistar: Jorun Marie Kvernberg, Ronny Kjøsen

Musikarar: NyNorsk Messingkvintett, Storm Duo (akkordeon), Sean Bell (kontratenor)

Program:

- Urframføring av verket *Friggs Rokk* av Jorun Marie Kvernberg (Storm Duo)
- Urframføring av verket *Valfart* av Jorun Marie Kvernberg (NyNorsk Messingkvintett)
- *Nordsjøhistorier* av Ronny Kjøsen, tekst av Øystein Hauge (Storm Duo)
- Anna verk frå NyNorsk Messingkvintett sitt repertoar

Om konserten:

Peder Voldnes Sementfabrikk vart starta og driven av bestefaren til ei av dei som har vore med på å starte *tonehimmel*, og vi kom hit for fyrste gong i sommar på jakt etter konsertlokale. Peder er gått bort for mange år sidan no og fabrikk lagd ned, men alt står der framleis, verktøy og maskiner, som om arbeidarane nett gjekk ut døra. Nettopp derfor vil vi gjerne skape ein konsert her.

Vi liker å putte musikken i lokale som er skikkeleg prega av arbeid og slit, der det ligg både glede og smerte, både tabbar og oppretting i veggane og golva. Det er så mykje meir i eit slikt lokale som minner om det som har utløyst musikkskapinga i det heile teke, enn det ein finn i ein strigla konsertsal. I tillegg er dette lokalet litt symbolsk ved at det har ein stor port som kan åpne rommet opp mot utsikta til dei taggete Sunnmørsalpane. Med porten open er det nærast som om ein er ute og inne på samme tid. Det skaper òg ei merkeleg og fin kopling mellom industri og natur, der spora av menneska sine levde liv ligg ved fjordkanten.

På denne konserten vil du få høyre musikk av Jorun Marie Kvernberg, som sjølv bur i Volda, men som er ettertrakta landet rundt både som musikal og komponist. I kveld får vi høyre urframføring av to verk av henne og kanskje lære henne og musikken hennar betre å kjenne.

Den eine urframføringa er *Friggs Rokk*, som er skriva til akkordeonduoen Storm Duo. Jorun har henta inspirasjon frå norrøn mytologi generelt og kvinnelege gudar og åsynjer spesielt. Eit hovudtema i verket er historia om Frigg som mistar sonen sin, den høgt elska Balder. Kvernberg har spunne på idéen om den altoppslukande sorga. Sidan ho er ei gudinne har temaet også vorte vidareført til ei tenkt sorg ho kanskje kunne ha no i vår tid; ei sorg over naturen og jorda vår som bleiknar og misser dyre- og planteliv.

Det andre verket er *Valfart*, er Jorun Marie Kvernberg sitt verk tinga av Nynorsk Messingkvintett. *Valfart* er også tittelen på debutdiktsamlinga til Kjartan Fløgstad kor Kvernberg hentar songtekstmaterialet ifrå. Verket utforskar klangen i brytninga og samspelet mellom messinginstrument og folkesong/hardingfele/fele. Med folkemusikken som utgangspunkt og palett og Fløgstad sine dikt som inspirasjon og medskapande element finn Kvernberg nye landskap og retningar på si utforskande reise som komponist.

FREDAG 23. juni

“Eg er ein frosk”

Barne – og familiekonsert med figurteater av Kristin Bolstad

Kl 18.00 Familiekonsert på jonsokfesten på Haualeite (bygdetunet) i Volda

Gratis

Kl 17.30	går fantetoget frå prestegarden, bli med!
Kl 18.00	familiekonsert i den gamle loda på Haualeitet

Bli med på ei musikalsk reise i froskeperspektiv!

Eg er ein frosk er ei morosam og kanskje litt surrealistisk konsertoppleving for heile familien. NyNorsk Messingkvintett spelar kvekkande froskerytmar og kontratenor Sean Bell syng og styrer figurteateret. Nokre gongar er det som om figurane lever sitt eige liv – dei forsvinn, gøymar seg og dukkar opp att andre stader enn der dei skal vere. Og kva er det eigentleg som er oppi tubaen?

Med utgangspunkt i bøkene *Eg er ein frosk* (2007) og *Det* (2010) av Kurt Johannessen, har Kristin Bolstad skriva ei musikalsk forteljing for messingkvintett, kontratenor og figurteater. Tormod Fuglestad

har regien, og Ingunn Myrland har laga figurteateret. Tekstane til Johannessen tek opp relativt store og eksistensielle tema. Dei er fine å formidle til born, sidan born ofte har lett for å følgje den fantasirike og drøymande måten tekstane endrar form på.

Framsyninga passar for heile familien, og eignar seg for born heilt ned i 2-årsalderen

Musikarar: NyNorsk Messingkvintett og Sean Bell (kontratenor)
Musikk: Kristin Bolstad
Tekstar: Kurt Johannessen
Regi: Tormod Fuglestad
Figurteater: Ingunn Myrland

Konserten er arrangert i samarbeid med Volda Sogelag og Jonsokbålet vert tent av muskarane etter framsyninga!

Samtalearrangement med alle dei lokale komponistane

Kl 21.00 Andaneset i Volda
Gratis

Samtalar er ein del av konsertane på *tonehimmel*, men det er likevel avgrensa kva ein rekk å seie på ein konsert. I kveld ønskjer vi å verte betre kjende med alle dei lokale komponistane vi har med oss i år og det er en heil del: **Jorun Marie Kvernberg, Marie Austrheim Riise, Øyvind Lied, Sander Andersen, Bert Handrick og Magnar Åm.**

Kva fekk dei til å byrje å skrive, korleis kom dei dit? Korleis er det å skape musikk i dag, kvar finn dei inspirasjon, kva engasjerer dei? Korleis vil dei beskrive sin eigen musikk? Samtalen vert leia av Magnar Åm og Kaja Skatvedt Robak, men det er berre fint om andre også har spørsmål. Samtalen varer ca. 45 minutt, men det er ope for å snakke direkte med komponistane etterpå for den som vil.

LAURDAG 24. juni

Vandringskonsert til Grinda

Kl 12.00 vandringa startar ved Håmyra i Volda
Billettar 150,-
Alle under 18 år gratis

Konserten består av verk frå Kristin Bolstad sin meisterklasse tidlegare i veka. Vi kan ikkje på førehand seie så mykje om kva ein vil få høyre, for musikken blir først ferdig same veka. Men komponistane vil leike med det romlege i musikken og det er mogleg at delar av musikken ikkje er noko ein går til, men snarare gjennom, og kanskje møter musikken deg allereie på råsa til konserten, mellom tre og bekkar på veg til Grinda og utsikta over Volda. Vi er heilt sikre på at turen og musikken vert ei spennande oppleving og passar folk i alle aldrar, også dei minste.

Konsert i Kalkbrotet på Voksa

Kl 17.00 startar vandringa frå ferjekaia på Voksa

Kl 18.00 startar konserten i Kalkbrotet

Billett 350,-

Alle under 18 år gratis

Komponistar: Rolf Gupta, Jorun Marie Kvernberg, Marie Austrheim Riise

Musikarar: Nordic Voices, Miki Campins (slagverk), Thomas Aanonlie (slagverk), Tor Dyrseth (kontrabass), Aslak Trønnes Skau (kontrabass), Rolf Gupta (direksjon)

Program:

- *Det gitte* av Marie Austrheim Riise (Nordic Voices)
- *Eclipse (formørking)* av Rolf Gupta (Nordic Voices, Miki Campins, Thomas Aanonlie, Tor Dyrseth, Aslak Trønnes Skau)
- Utdrag frå verket *Tagal* av Jorun Marie Kvernberg (Nordic Voices)
- Musikk frå Nordic Voices eige repertoar

Om konserten:

Voksa er ei lita øy i Sande kommune. Konserten startar frå ferjekaia, med ei botanisk vandring. For denne øya har ein heilt spesiell flora, for gjennom øya går ei åre av kalkstein, som gir eit rikt planteliv. Liv Åm er omvisar og vil ta dykk med gjennom delar av Voksa sin vakre natur og samstundes vise veg til konserten i Kalkbrotet. Kalkåra har også gitt menneske anna levebrød her ute. I femti år var det kalksteinbrot her og tonnevis med stein vart hoggen ut, malen til kalksteinsmjøl og send ut i verda. På 70-tallet vart drifta lagd ned, og tilbake låg eit unikt spor i landskapet, ei utgraving i øya, eit lite rom midt i naturen, eit rom utan tak. Det skaper ein helt spesiell akustikk og ikkje minst ei stille. Voksa ligg vêrhardt til, men inne i Kalksteinsbrotet er det stille, vinden og vêret, alt forsvinn liksom i bakgrunnen her inne, som om ein kom inn i ei anna verd. Dette rommet skal fyllast med tonar av den verdskjende norske vokalgruppa Nordic Voices, både åleine og saman med fleire musikarar frå Møre og Romsdal.

Tagal av Jorun Marie Kvernberg vart opphavleg skrive for vokalgruppa Kvedarkvintetten. Til denne konserten har Jorun Marie skrive om nokre av satsane til Nordic Voices si besetning.

Tagal tyder stillteiande, taus eller ordlaus, og verket utfordrar rammene for vokalmusikk ved at tekstelementa er så godt som fråverande. Å 'låte på kjafte', altså å synge instrumentalslåttar, er ei grein innanfor den tradisjonelle folkesongen.

Det gitte av Marie Austrheim Riise, er basert på eit utdrag frå ei tekstsamling som vart skriven av tekstforfattar Jan Inge Sørbø i høve feiringa av reformasjonsåret i 2017, som Marie har tonesett mange av tekstane til. No har ho omarrangert den eine av desse songane til Nordic Voices, og for Marie er dette ein helt spesiell tekst.

Marie fortel: *Denne teksten har sett djupe spor i meg, og eg tek han fram med jamne mellomrom. I vår travle tid og i vår jakt etter prestasjonar og sjølvpålagde krav kan vi fort gløyme å stoppe opp, sjå rundt oss, og berre vere til i det vi har fått. Eg trur at vi menneske i dag treng denne teksten. Eg har forsøkt å gi teksten ein melodi og eit arrangement som fortel om ei undrande takksemd. Kanskje med eit alvor i seg, eller ein djup respekt. Mitt håp er at vi kan vere i naturen, i livet, i musikken. I djup takksemd for alt vi har fått.*

Verket av Rolf Gupta, *Eclipse* (formørking), vart skriva i 1988 då Rolf var 21 år gamal, med tittelen *Corona*. Denne har tidas tann gjort det nødvendig å endre, dessverre, då den tidlegare tittelen er meir dekkjande for verket sin poetiske idé: Under ei solformørking er skinet av sola (kransen, korona) synleg rundt månen sin svarte sirkel.

Rolf seier: *Jeg var interessert i tanken om at noe kan anes, men ikke sees. Man vet at noe finnes, uten at det kan defineres.*

Tittelen er henta frå Stein Mehren sin diktsyklus med same namn sjølv om ingen av tekstane i samlinga er brukte. I boka *Myten og den irrasjonelle fornuft* behandlar han forholdet mellom verdsbilde og menneskebilde, rasjonalitet og irrasjonalitet i vår tekniske sivilisasjon. Tida sin fornuft er dei tankane som tenkjer seg sjølve overalt, dei orda som ordnar erkjenningane og vitet vårt. Men denne fornuften er einsidig, for sjølv om den avslører noko, tilslører den samstundes noko anna.

Teksten i *Eclipse* er henta frå Høgsongen av Salomo og Introitus frå Rekviemmessa på tre språk; latin, tysk og engelsk:

*La ham kysse meg med kyss av hans munn.
Lys. Skinne.*

Den rytmiske strukturen i verket er utelukkande avleidd av språkrytmen i desse få orda.

Sundag 25. juni

Rotevatn-konserten

Kl 10.00 Konsertstart og vandring frå Grinda på Volda stadion

Kl 11.30 Konsert på Botnasanden for den som ikkje har høve til å gå turen

Billettar 350,-

Alle under 18 år gratis

Komponistar: Øyvind Lied og Kristin Bolstad

Musikarar: NyNorsk Messingkvintett, Sean Bell (kontratenor), Kristin Bolstad (song), Ervingen Blandakor

Program:

- Songar av Øyvind Lied for kor
- Tingingsverk av Kristin Bolstad for messingkvintett i båtar og ein songar
- Nyskrive verk for kontratenor Sean Bell av Kristin Bolstad

Om konserten:

Konserten på og ved Rotevatnet var den fyrste utekonsert-idéen i *tonehimmel*. I tingingsverket vil musikarane verte rodde i kvar sin båt over vatnet mot publikum medan dei spelar. Musikken er ikkje ein klump med lyd på ei scene, han vert spreidd utover vatnet, musikarane og stemmene deira bevegar seg uavhengig av kvarandre, musikken vert opna opp og fyller heile verda rundt deg.

Magnar Åm seier: *Dette med båtane blir også symbolsk. Når eg komponerer i alle fall tenkjer eg at kvar stemme i verket er eit levande vesen. Det synest ikkje alltid så klart når musikken blir framført på ei scene, men det blir veldig klart når du ror kvar muskar for seg ute på eit vatn. Då er kvar stemme eit levande vesen, som er like mykje i rørsle som eit menneske.*

Rotevatn-konserten startar i Grindaløda ved Volda stadion der vi får høyre verk av den lokale komponisten Øyvind Lied, framført av Ervingen Blandakor, som han sjølv dirigerer.

Så går alle turen langs Rotevatnet saman, komponistar, tilhøyrarar og kanskje også nokre muskarar. Undervegs vert det samtale med Kristin Bolstad, ein av årets to fokuskomponistar. Bolstad studerte hjå Magnar Åm her i Volda for mange år sidan, eit møte og eit studium som ho sjølv seier fekk stor betydning for henne både som menneske og kunstnar. Korleis er det å vere tilbake? Kven er ho og kva kan ho seie om musikken vi skal få høyre?

Framme ved Botnasanden vil publikum få oppleve to urframføringar av Bolstad. Det eine er tingsverket for messingkvintett og ein songar, framført av NyNorsk Messingkvintett og Kristin Bolstad sjølv. Her sit muskarane i kvar sin båt og vert rodde av lokale roarar over vatnet medan dei speler.

Kristin fortel: *Verket utforskar korleis det musikalske materialet endrar seg og forvittrar, der instrumenta fungerer som ekko av kvarandre – som steinsprett på eit vatn.*

Den andre urframføringa er eit verk Kristin har skrive for kontratenor Sean Bell. Verket søker etter å kome tettare på stemma og det den skjuler og ber på av indre og levd liv, blant anna gjennom ulike variantar av eit materiale og teksturen i dette.

Avslutningskonsert

Kl 19.00 Volda kyrkje

Billettar 350,-

Alle under 18 år gratis

Komponistar: Rolf Gupta, Kristin Bolstad, Jorunn Marie Kvernberg, Sander Andersen og studentar

Muskarar: NyNorsk Messingkvintett, Storm duo, Sean Bell, Jorun Marie Kvernberg og lokale muskarar

Program:

- *Friggs rokk* av Jorun Marie Kvernberg (Storm duo)
- Nyskrive stykke for kontratenor av Kristin Bolstad (Sean Bell)
- Nyskrive stykke av Sander Andersen (NyNorsk Messingkvintett)
- Tingsverk av Rolf Gupta (NyNorsk Messingkvintett)
- Utdrag frå *Valfart* av Jorun Marie Kvernberg (NyNorsk Messingkvintett)
- Tingsverk av Kristin Bolstad (NyNorsk Messingkvintett)

Om konserten:

På denne konserten samlar vi opp trådane, alle komponistane møter kvarandre, og vi skaper ei stor felles musikalsk avslutning på festivalen, der vi har med oss heile veka som bakteppe. På programmet står alle

urframføringane vi har hatt under tonehimmel 2023. For somme vert det gjenhøyr, for andre vert det fyrste gongen.

For oss er det viktig med andregongsframføring av dei nyskrivne verka, for samtidsmusikk er slettes ikkje berre det heilt nye. Samtidsmusikk er tonehistorier, fortalde og skapte av menneske som lever her og no i same tid og verd som deg. Ei god historie burde ein fortelje mange gongar, meiner vi, og gler oss til å vise dykk desse verka i eit meir tradisjonelt konsertlokale, som kanskje gir deg høve til å oppleve musikken på ein annan måte enn på utekonsertane.

Billetter til alle arrangement kan kjøpast på [tikkio.com](https://www.tikkio.com) eller på konsertdagen.

Meir informasjon og billetter finner du på nettsida vår

www.tonehimmel.com

Komponistane

Kristin Bolstad, Rolf Gupta, Jorun Marie Kvernberg, Marie Austrheim Riise, Sander Andersen, Øyvind Lied, Bert Handrick og Magnar Åm



Musikarane

NyNorsk Messingkvintett, Storm Duo, Nordic Voices, Sean Bell, Geir Draugsvoll, Samuel Skrede, Ai-Ling Chiu, Miki Campins, Tor Dyrset, Aslak Tønnes Skau, Thomas Aanonlie, Volda vokal og Ervingen Blandakor.

